

**RÅDSDIREKTIV 96/16/EF****av 19. mars 1996****om statistiske granskingar på området mjølk og mjølkeprodukt(\*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen<sup>(1)</sup>,med tilvising til fråsegnen frå Europaparlamentet<sup>(2)</sup> og

ut frå desse synsmåttane:

Rådsdirektiv 72/280/EØF av 31. juli 1972 om statistiske undersøkelser om melk og melkeprodukter som medlemsstatene skal gjennomføre<sup>(3)</sup> er endra fleire gongar. På grunn av nye endringar bør direktivet omarbeidast av omsyn til klarleiken.

For at Kommissjonen skal kunne utføre dei oppgåvene som han er pålagt i medhald av traktaten og fællesskapsføresegnene om den felles marknadsordninga for mjølk og mjølkeprodukt, treng han pålitelege opplysningar om produksjon og bruk av mjølk og dessutan jamlege, pålitelege og kortsiktige opplysningar om levering av mjølk til føretak som handsamar eller foredlar mjølk, og om produksjon av mjølkeprodukt i medlemsstatane.

Oppgåvene over produksjon og bruk av mjølk i driftseiningar i landbruket bør utarbeidast etter einsarta kriterium og med større detaljtruskap, og det bør i alle medlemsstatane gjennomførast månadlege granskingar hjå føretak som handsamar eller foredlar mjølk.

For å få resultat som kan jamførast, bør det fastsetjast felles kriterium med omsyn til omfanget av granskinga, kva kjenneteikn det skal utarbeidast oppgåver for, og korleis granskinga skal utførast.

Røynslene frå gjennomføringa av dei førre reglane syner at dei bør forenklast, særleg ved å oppheve kravet om å sende over resultat for kvar veke.

Innhaldet av mjølkeprotein i mjølkeprodukt vert stadig viktigare, og det bør difor gjerast føremålstenlege tiltak.

For at det skal verte enklare å gjennomføre føresegnene i dette direktivet, bør det nærre samarbeidet mellom medlemsstatane og Kommissjonen halde fram, særleg i Det faste utvalet for landbruksstatistikk, som er oppnemnt i medhald av avgjerd 72/279/EØF<sup>(4)</sup> —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Medlemsstatane

1. skal utføre granskingar hjå granskingseiningane i artikkel 2 med omsyn til dei opplysningane som det er gjort greie for i artikkel 4, og skal sende Kommissjonen dei månadlege, årlege og treårlege resultata,
2. skal kvart år utarbeide oppgåver over produksjonen og bruken av mjølk i driftseiningar i landbruket, slik desse er definerte etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7,
3. kan med samtykke frå Kommissjonen nytte opplysningar frå andre offisielle kjelder.

*Artikkel 2*

Dei granskingane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, skal omfatte

1. føretak eller driftseiningar i landbruket som kjøper heilmjølk — og eventuelt mjølkeprodukt — direkte hjå driftseiningar i landbruket eller hjå dei føretaka som er nemnde i nr. 2, med sikte på foredling til mjølkeprodukt,
2. føretak som samlar inn mjølk eller fløyte med sikte på å avlevere alt eller noko, utan handsaming eller foredling, til dei føretaka som er nemnde i nr. 1.

Medlemsstatane skal gjere eigna tiltak for å hindre dobbeltteljing i resultata så langt det er mogleg.

(\*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 78 av 28.3.1996, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 13/1999 av 29. januar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. C 321 av 1.12.1995, s. 6.

(<sup>2</sup>) TEF nr. C 32 av 5.2.1996.

(<sup>3</sup>) TEF nr. L 179 av 7.8.1972, s. 2. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 1994.

(<sup>4</sup>) TEF nr. L 179 av 7.8.1972, s. 1.

*Artikkel 3*

1. I dette direktivet tyder «mjølk» ku-, saue-, geite- og bøffelmjøl. Dei månadlege granskingane som er fastsette i artikkel 4 nr. 1 bokstav a), skal gjelde berre kumjøl og produkt som er framstilte berre av kumjøl.

2. Lista over dei mjølkeprodukta som granskingane omfattar, skal vedtakast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7. Lista kan endrast etter same framgangsmåten.

3. Dei einsarta definisjonane som skal nyttast når resultatata for dei ulike produkta vert sende over, skal utarbeidast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7.

*Artikkel 4*

1. Dei granskingane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, skal vere slik utforma at det er mogleg å sende over minst dei opplysningane som er nemnde i bokstav a)-c) nedanfor.

Spørjeskjemaa må utarbeidast på ein slik måte at det ikkje skjer dobbeltteljing.

Opplysningane skal gjelde:

- a) kvar månad:
- i) mengda av og feittinnhaldet i den mjølka og fløyten som er samla inn, og proteininnhaldet i den kumjølka som er samla inn,
  - ii) mengda av visse ferske mjølkeprodukt som er handsama og tilgjengelege for levering, og av visse framstilte meieriprodukt,
- b) kvart år:
- i) mengda av og feitt- og proteininnhaldet i den tilgjengelege mjølka og fløyten,
  - ii) mengda av ferske mjølkeprodukt som er handsama og tilgjengelege for levering, og av andre framstilte meieriprodukt, inndelte etter sort,
  - iii) bruken av råstoff i form av heilmjøl, skummamjøl og mengda av feitt som er nytta i framstilling av meieriprodukt,
- c) kvart tredje år (frå 31. desember 1997):
- talet på dei granskingseiningane som er nemnde i artikkel 2, inndelte i visse storleiksklassar.

2. For at medlemsstatane skal kunne vurdere, i tre år etter at dette direktivet tek til å gjelde, om proteininnhaldet i dei viktigaste

mjølkeprodukta kan takast med i dei årlege statistiske opplysningane som er nemnde i bokstav b), skal dei i dette tidsrommet utarbeide forsøksoppgåver eller gjennomføre studiar med sikte på å nå dette målet. Kommisjonen skal skipe eit arbeidsprogram for kvart av dei tre åra i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7.

Medlemsstatane skal kvart år leggje fram for Kommisjonen ein rapport om gjennomføringa av dette programmet, medrekna dei tilgjengelege statistiske opplysningane og dei opplysningane som er naudsyste for å tolke dei.

*Artikkel 5*

1. Med atterhald for andre leddet skal dei granskingane som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, gjennomførast som uttømmende granskingar når det gjeld meieri som står for minst 95 % av den kumjølka som vert samla inn i medlemsstaten, medan den attverande mengda skal reknast ut på grunnlag av representative utval eller andre kjelder.

Dei månadlege granskingane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a), kan gjennomførast av medlemsstatane ved hjelp av representative utval. I slike høve må feilmarginen for utvalet vere høgst 1 % av den samla nasjonale innsamlinga (med eit konfidensintervall på 68 %).

2. Medlemsstatane skal gjere alle eigna tiltak for å oppnå resultat som er fullstendige og tilstrekkeleg nøyaktige. Dei skal i form av ein metodologirapport sende Kommisjonen alle opplysningar som gjer det mogleg å vurdere kor nøyaktige dei oversende resultatata er, særleg

- a) dei spørjeskjemaa som er nytta,
- b) dei metodane som er nytta for å unngå dobbeltteljing,
- c) dei metodane som er nytta for å overføre til fællesskapstabellar dei opplysningane som er henta inn ved hjelp av spørjeskjemaa.

Metodologirapportane, tilgangen til opplysningane og pålitgraden deira og alle andre spørsmål som gjeld gjennomføringa av dette direktivet, skal granskast éin gong i året i den rette arbeidsgruppa under Det faste utvalet for landbruksstatistikk. Den første metodologirapporten skal sendast Kommisjonen innan utgangen av året etter det året då dette direktivet tek til å gjelde.

*Artikkel 6*

1. Tabellane for overføring av opplysningar skal utarbeidast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 7.

Tabellane kan endrast etter same framgangsmåten.

2. Medlemsstatene skal sende over dei resultatane som er nemnde i nr. 3, medrekna opplysningar som vert rekna som fortrulege etter den nasjonale lovgjevinga eller etter reglar for fortruleg handsaming av statistiske opplysningar, i samsvar med føresegnene i rådsforordning (Euratom, EOF) nr. 1588/90 av 11. juni 1990 om oversending av fortløpige statistiske opplysningar til De europeiske fællesskaps statistikkontor<sup>(1)</sup>.

3. Medlemsstatene skal sende over til Kommissjonen snarast råd etter at opplysningane er samanfatta, og seinast

- a) 45 dagar etter utgangen av referansemånaden, dei månadlege resultatane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a),
- b) i juni månad i året etter referanseåret
  - dei årlege resultatane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav b),
  - den rapporten om gjennomføringa som er nemnd i artikkel 4 nr. 2,
- c) i september månad i året etter året for referansedatoen, dei resultatane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav c).

4. Kommissjonen skal samanstillе dei opplysningane som medlemsstatane har sendt over, og skal gje dei melding om dei samla resultatane.

#### *Artikkel 7*

1. Når det vert vist til den framgangsmåten som er fastsett i denne artikkelen, skal leiaren for Det faste utvalet for landbruksstatistikk, heretter kalla «utvalet», leggje saka fram for utvalet anten på eige initiativ eller etter oppmoding frå representanten for ein medlemsstat.

2. Representanten for Kommissjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast. Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som artikkel 148 nr. 2 i traktaten fastset for avgjerder som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommissjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den vektane som den førnemnde artikkelen fastset. Leiaren skal ikkje røyste.

3. a) Kommissjonen skal vedta dei planlagde tiltaka dersom dei er i samsvar med fråsegna frå utvalet.
- b) Dersom dei planlagde tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet eller det ikkje er gjeve noka fråsegn, skal Kommissjonen straks gjere framlegg for Rådet om tiltak som skal gjerast. Rådet skal ta avgjerda si med kvalifisert fleirtal.

- c) Dersom Rådet ikkje har teke noka avgjerd innan tre månader etter at framlegget vart gjort, skal Kommissjonen vedta dei framlagde tiltaka.

#### *Artikkel 8*

Kommissjonen skal innan 1. juli 1999 leggje fram for Rådet ein rapport om dei røynslene som er gjorde i samband med gjennomføringa av dette direktivet. Samstundes skal han særleg leggje fram resultatane av den vurderinga som er nemnd i artikkel 4 nr. 2, eventuelt saman med framlegg som gjeld det endelege tidsrommet.

#### *Artikkel 9*

1. Direktiv 72/280/EOF vert oppheva med verknad frå 1. januar 1997.

2. Tilvisingar til det oppheva direktiv 72/280/EOF skal forståast som tilvisingar til dette direktivet.

#### *Artikkel 10*

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 1. januar 1997. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

#### *Artikkel 11*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

#### *Artikkel 12*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. mars 1996.

*For Rådet*

W. LUCHETTI

*Formann*

<sup>(1)</sup> TEF nr. L 151 av 15.6.1990, s. 1.